

# Kyrkjeklokka

Nr. 4 - 2016

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

80. årgang

*God  
Jul*



Redaksjonen ønsker alle leserane ei velsigna julehøgtid og eit riktig godt nyttår. Takk til alle som har sendt inn stoff og bilete til Kyrkjeklokka dette året. Vi håper på mykje godt stoff også neste år.

## Dugnad

er også eit stikkord for fleire av artiklane i bladet. Det blir gjort mykje dugnadsarbeid i og utanfor kyrkjene våre året rundt. Ikkje alt blir dokumentert med tekst og bilet, men er ikkje mindre viktig av den grunn.



50-årskonfirmantane i Vikane.

## Trusopplæringa

Det er veldig mange gode trusopplæringstiltak for ulike aldersgrupper året rundt i Indre Nordfjord. Dei dyktige damene reiser rundt og deltek på mange opplegg i kyrkjelydane. Også denne gongen har vi smakebitar frå fleire av desse tiltaka. Sjå m.a. sidene 8, 9, 10 og 16.

*Kollasje frå 1. klasses-klubben.*



## Konfirmant-jubileum

Hausten er tid for konfirmant-jubileum. Fleire av kyrkjelydane har hatt det. Utvik og Innvik har dette ilag. Det møtte fram 11 frå kvart av kulla (50- og 60-års-konfirmantar).



60-årskonfirmantane i Innvik og Utvik.

I HØVE MIN FØRESTÅANDE FØDSELDAG  
FRÅBER EG MEG EIKVAR MERKSEMÐ.  
JESUS KRISTUS



*Olaf Sigurd Gundersen.*  
*Foto: Firda Tidend.*

Ei slik kjem-peannonse kunne ein lese i ei svensk avis. Det er mange som tykkjer at adventstida vert strekt langt ut. Travle forretningssfolk set opp juletre i slutten av oktober. Tida fram til jul må nyttast til å pådytte oss fleire overflødige varer. Men irritasjonen hjelper ikkje. Jula har merksemda vår. Om det vert skrive X-MAS, er det klårt for oss at jula ikkje er ein kollektiv fest for den ukjende Mr. X. Jula er festen for barnet Jesus.

Ei slik kjem-peannonse kunne ein lese i ei svensk avis.

Det er mange som tykkjer at adventstida vert strekt langt ut. Travle forret-

“Eit barn er født i Betlehem. Halleluja! Halleluja!” Det er det sentrale.

Ordet jul startar ein straum av kjensler, nokre gode fordi eventyret gjorde inntog i verkelegheita, andre såre fordi dei gjev einsemd, sorg og sakn. Nokre flyktar frå jula, andre druknar seg i henne. Berre dei færreste er nøytrale. Vi får feire festen, innøve framtida og more oss inn i himmelen.

Vi fekk ikkje syngje han på julefesten på bedehuset, men dei fleste kan: “Jeg gikk meg over sjø og land ...” Landa kunne bli for vågale. Men spørsmålet er: “Hvor hører du vel hjemme?”

I jula, med avslutningar, festar, songar, gáver sprengfulle kyrkjer og

klokkeklang gjev vi eit svar på kor vi høyrer heime. Vi har lagt den religiøse blygheita til sides og vågar å vise at vi høyrer heime i dei verdiane Jesus har vist oss.

Julevenene er det største kristne “trussamfunnet” og dei skal vi ha respekt for. For 2000 år sidan var blikket retta mot keisar Augustus på toppen. Men det var den himmelfalne Guds auge var retta mot. Gud såg det oversedde. Det var det som den gongen hende. Gjetarane, uteliggjarane i natta, banna og stal. Gjetarane frå Betlehem, kven ville vel feste lit til ein slik gjeng? Gud såg dei oversedde.

Gjetarane som heldt nattevaktt, var dei første som høyrde englesong og såg inn i stallen. Ryktet spreidde seg verdsvidt omkring: “Gud har sett dei oversedde.” Det var det som den gongen hende at Guds son vart lagt på strå mellom det ein oversåg. Dette vart ropt ut med jubel som dei oversedde og undertrykte sitt håp.

Jula si glede er at dette skjedde og at det skjer.

Kvar ukjend X i manntalet er for Gud eit heilagt barn.

*Tekst: Olaf Sigurd Gundersen.*

## Konfirmantdag på Vereide

Laurdag den 27. august reiste rundt 90 konfirmantar frå Indre Nordfjord til Vereide for å starte konfirmantåret med ein aktivitetsdag. Folkehøgskulen på Vereide har 10 friluftslivlinjer, og ei av desse linjene heiter KRIK. Dette står for Kristen Idrettskontakt - ein kristen organisasjon som har fokus på idrett, friluftsliv, ungdom og tru. KRIK-gjengen tok oss vel imot og stod klar med eit spennande opplegg med mange aktivitetspostar. Konfirmantane blei blanda på tvers av dei 9 bygdene dei kom ifrå. Her gjaldt det å samarbeide, noko som var både litt skummelt og veldig kjekt!!! Kva synest 9.klassingane om konfirmantdagen på Vereide ?

*Korleis likte du deg på aktivitetsdagen?*

Det er morosamt å vere med på aktivitetar som vi ikkje har prøvd før. Dette er fint / kjekt.

*Blei du kjent med konfirmantar som ikkje du har treft før?*

Ja, mange, fint å møte nye folk. Ja, nokon.



*Stoler du på at du blir teken i mot?*

*Kva var det kjekkaste du har gjort her?*

Bli kjent med folk og prøvd nye aktivitetar. Eg blei utfordra på ein ny måte og har snakka med nokon som eg ikkje kjende frå før. Denne leiken der ein

skulle bli bært over på andre sida likte eg best.

*Kva forventning har du til konfirmantåret?*

At det skal bli kjekt. Lære meir om konfirmant liksom konfirmantundervisning, kyrkja, kristendom. Eg har lyst å prøve meir nye ting, nye leikar. Gleder meg veldig til Nattcup og til å vere oppe heile natta. Og til fotballturnering. Er det i Hornindal?

*Gleder du deg til konfirmasjonen?*

Eg gleder og gruer meg litt. Ja, eg gleder meg veldig. Det blir ein kjekk dag da du feirar deg sjølv. Mange slektingar kjem på besøk som du ikkje møte så ofte. Gleder meg til gáver og masse god mat.

Takk for ein strålende dag med mange kjekke opplevingar

*Foto: Beate Nes, (kateket)*

*Tekst: Janet Rudolph (kyrkjelydspedagog)*

# Avskjed med kyrkjetenar Kjell Fagerstrand i Oppstryn

Under gudstenesta søndag 25. september kunne kyrkjelyden takka Kjell Fagerstrand for mange års trufast arbeid i kyrkja og for kyrkjelyden.

Kjell starta som kyrkjetenar i 2001. Han har stilt opp på alle gudstenester, gravferder og andre hendingar så sant helsa har tillate det.

Som snekkar og gardbrukar var Kjell godt utrusta til å vere kyrkjetenar, og dette har kome kyrkja til gode. Mange reparasjonar og mykje vedlikehald har han stått for, i tillegg til å passe på vatn og varme. Det har nok ofte blitt fleire timer enn dei han fekk betalt for.

Soknerådet og kyrkjelyden set stor pris på den innsatsen du har gjort i kyrkja vår og vil takke deg for det. No ynskjer vi deg gode og velsigna dagar som pensjonist og ser fram til fortsatt fellesskap i gudstenesta.

*Kjell Fagerstrand med blomsterbuketten som han fekk frå Fellesrådet. Han fekk også eit biletet frå Oppstryn sokn.*




## Årleg dugnad på Nedstryn kyrkjegard

Mellan dei lokale prosjekta som er omtala i faktaboksen her, er Stryn Rotary Klubb sin årlege dugnad på Nedstryn kyrkjegard. Denne "vårpussen" er noko klubben har halde på med i meir enn 15 år!


Her samlast alle medlemmene til «vårpussen» og steller rundt kyrkja.

Nokre gonger medfører dette litt meir omfattande prosjekt, så som rekkverket ved trappa mellom øvre og nedre del på nordsida av kyrkjegarden. Her ser vi gelenderet før og etter vølinga i fjar, og eit par av medlemmene i klubben.

*Foto: Inge Fænn og Kjell Opheim*



Trappa før og etter.



Rotary International er ein upolitisk, humanitær, frivillig organisasjon som vart stifta i 1905 av den amerikanske advokaten Paul Percy Harris. Rotary er organisert på klubb-, distrikts- og internasjonal nivå. Kvar rotarianar er medlem i sin eigen klubb. Klubben er igjen medlem av eit distrikt som igjen er medlem av Rotary International. Klubbane vel sine eigne leiarar kvart år og har eit vesentleg sjølvstyre innanfor Rotary sine lover.

I tillegg til mange lokale og internasjonale prosjekt, har Rotary sidan 1979 arbeidd for å utrydde poliomelitt. Det starta som ein femårsplan for å skaffe og distribuere poliovaksine til 6 millionar born på Filippinane. Målet er no å vaksinere alle born i verda mot poliomelitt i samarbeid med internasjonale, nasjonale og lokale Rotary-klubar.

Den første Rotaryklubben i dei nordiske landa var Kristiania Rotary Klubb i Oslo, stifta 1. juni 1922. Norge er no delt inn i sju rotarydistrikta med til saman 338 klubbar og ca. 13 700 medlemmer. Over ti prosent er kvinner, og kvinneandelen aukar. Stryn Rotary Klubb var stifta i 1974 og har 32 medlemmer. Fleire er velkomne!

# «Randabygd kyrkje 1916 – 2016»

Dette er tittelen på jubileumsheftet som Randabygd sokneråd har fått laga i høve 100 års jubileet. Her kan du lese om kyrkjeferder i båt, reisinga av kyrkja, ulike tradisjonar og om kyrkja i nyare tid. Ikkje minst om kva for viktig posisjon kyrkja har hatt og har i bygda, og om eldsjeler og dugnadsinnsats. Heftet gir ei fantastisk skildring av eit stort bygg i ei lita bygd på Vestlandet over eitt hundre år, og om unike hendingar i denne tida.

Framsidebiletet av kyrkja, som har vore synt i kyrkjeklokka tidligare i år, viser det vakre bygget i sitt beste skrud. Dei mange og varierte biletene av både kyrkja og bygdefolk, både gamle og nyare, gjev heftet eit løft, og gjer det samstundes lett tilgjengeleg. Soknerådet har vore skriftstyre, og soknerådsleiar Reidar Magne Sørland har vore redaktør. Han står også bak fleire av artiklane i heftet og har teke mange av biletene. Av medforfattarane kan vi nemne Aud Brendehaug, Mona Skrede, Jon Holsvik Sørland og Jon Tvinnereim. Ein levande artikkel etter Else Djuvstein er også med. Bygdefolk har hjelpt til med utlån av bilet og gode råd.

Tidligare prestar har skrive helsingar i høve jubileet og Jon Ytrehorn er in-



Biskop Halvor Nordhaug. Biletet er henta frå jubileumsheftet.

tervju av Reidar Magne Sørland. Ytrehorn var kateket i Hornindal, Nordsida og Randabygd frå 1978 til 2000, og sokneprest i same sokna i 2000 – 2007, samla 30 år i teneste i desse tre sokna. Han var første soknepresten i Noreg som vart utnemnd ut frå særskilde vilkår. Dette var grunnen til at skriftstyret ynskte å få fram Jon Ytrehorn sin bakgrunn, si utdanning og erfaring. Heilt til no har han trufast stilt opp som vikarprest i Indre Nordfjord.

Jubileumsdagen, 21. august 2001, har underteikna dekt med skildring av

dagen og med eigne bilete. Jubileumsfeiringa startar i heftet med eit intervju med biskop Halvor Nordhaug, teke dagen før jubileumsdagen.

Biskopen tek opp viktige saker:

- *Staten underminerer folkekirkja.*
- *Vi får mindre ressursar. Konsekvensane kan verte kutt i prestestillingane og mindre aktivitet.*
- *Dei unge må med. «Ein gløymt generasjon».*
- *Skal det vere aktivitet i kyrkja, må vi slutte opp om kyrkja. Vi må gå i kyrkja.*
- *Jesus kom ikkje til verda for at homofile ikkje skulle få gifte seg.*
- *Uroleg for dei tradisjonelle gudstenestene.*
- *Store endringar.*

Vi er glade for at vi har fått dette interessante intervjuet med i heftet som kan verte kjøpt av medlemmene i soknerådet, og på coop-butikken på Fjelli. Er det ønske for å få heftet presentert på møte eller tilstellingar, kan de vende dykk til leiaren i Randabygd, sokneråd Reidar Magne Sørland.

Tekst og foto: Jon Holsvik Sørland.

## Konfirmant-jubileet 2016

50-årskonfirmantar var samla i Oppstryn kyrkje den 25. september. Det var Henny Koppen som heldt gudsteneste, og vi hadde ei fin stund i kyrkja.

Så gjekk turen til Matstova der vi fekk servert nydeleg sosakjøt, bløtkake og kaffi. Praten gjekk lett rundt bordet, og alle var glade for å møtast igjen.

Tekst: Anne Marie Rudning.

Frå venstre Anne Marie (Nesje) Sunde, Arne Erdal, Ola Berge, Per Helge Flo, Anny Flo Sunde, Anne Marie (Guddal) Rudning og Else Marie Seljeset.

Nils Dårflot er ikkje med på biletet, men han kom til seinare på Matstova.





## Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: [www.kyrkjeklokka.no](http://www.kyrkjeklokka.no)

Redaktør for dette nummeret er:  
Anna Marie S. Vatnamo.  
[post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no)

Forretningsførar/abonnement/adresseendring:  
John Selmer Skiftesvik,  
6788 Olden, tlf. 990 28 076  
[john.skiftesvik@enivest.net](mailto:john.skiftesvik@enivest.net)

Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Kontingenten er frivilleg.  
Vi takkar for betaling og støtte.

## Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

### INNVIK prestekontor

Tlf. 57 87 41 23  
Mobil 911 84 241  
Sokneprest Harald Runde  
Kontortid:  
Tysdag, torsdag og fredag kl. 10-12  
Privat 57 87 41 15  
[runde.harald@gmail.com](mailto:runde.harald@gmail.com)

### STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 48 12  
Mobil 948 32 875  
Fungerande sokneprest  
Henny Koppen,  
prostiprest  
Mobil 916 01 630  
[henny.koppen@stryn.kommune.no](mailto:henny.koppen@stryn.kommune.no)

### HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33  
[sokneprest@hornindal.kommune.no](mailto:sokneprest@hornindal.kommune.no)

## Kyrkjeverjer

**Stryn kommune**  
Børre Lian  
Tlf. 57 87 48 11  
Mobil 913 27 882  
[borre.lian@stryn.kommune.no](mailto:borre.lian@stryn.kommune.no)

### Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg  
[anne.honningsvag@hornindal.kommune.no](mailto:anne.honningsvag@hornindal.kommune.no)  
Tlf. 57 87 98 34  
Mobil 970 84 120  
Måndag og torsdag 9-14

# Klokkaravskjed og sekretærbyte i Olden



Norvald Gjengedal.

Etter 13 år i tenesta som klokkar i Olden, takka Norvald Gjengedal (80) av frå denne stillinga no i haust. Norvald har også i 9 år fungert som sekretær i soknerådet, og i tillegg har han hatt oppgåva med å opne og stengje kyrkjene for turistar i sommarsesongen. Olden sokneråd vil hermed uttrykkje ei stor og hjarteleg takk til Norvald for trufast og samvitsfullt arbeid gjennom alle desse åra!

Vi ønskjer Guds rike velsigning over hans alderdom!

Til alt hell opplever vi at Einar Åbrekk (65) er viljig til å ta på seg jobben som

ny sekretær i soknerådet. Den tidlegare mjølkebonden frå Auflem har i ei årrekke jobba i administrasjonen ved NK i Loen. Vi opplever allereie at han høver godt til den nye sekretær-stillinga. Med si erfaring og punktlegheit – alltid godt førebudd – er han ei god støtte for leiaren og soknerådet elles. Vi ønskjer Einar velkommen i jobben og ser fram til godt samarbeid i tida som ligg framføre!

Når det gjeld klokkar-stillinga i Olden, så er den no nedlagt.

Heretter vil denne funksjonen måtte gå på omgang mellom fleire – på friviljig basis.

Tekst: A.Aa.

## Minneord om Norunn Skarstein

Dette minneordet stod i "Misjons-hilsen", bladet til Lærernes Misjons-forbund, for ei tid sidan. Det er kome ønske om at det vert teke inn i Kyrkjeklokka og.

Norunn Skarstein sovna inn 3. juni, 98 år gamal. Ho fekk bu i heimen sin nesten til det siste, og her fekk ho ta imot oss til LMF-møte siste gongen i april i år.

Misjonen stod Norunn sitt hjarte nær, og då særleg LMF. Då ho flytta frå Notodden og heim til Olden for vel 30 år sidan, vart ho vald til formann i Indre Nordfjord LMF. I alle

dese åra var ho ein dugande formann, og alltid møtte ho oss med smil og gode ord.

Vi takkar for alt Norunn var for oss i LMF, saknet etter henne er stort. Slik ho hadde ynskt, fekk ho siste kvilestaden sin ved Olden gamle kyrkje, i same grav som den kjære systera som døde tidleg.

Guds signing over Norunn sitt gode minne!

For Indre Nordfjord LMF  
Sidsel Bergset



Av fungerande sokneprest Henny Koppen

Eg har verkeleg vore ute på vegen dei to siste vekene, på buss, langs støvete landevegar i det gamle misjonslandet Madagaskar. Øya er verdens fjerde største, like stor som heile Skandinavia, og den er verdens 4. fattigaste land, med 23 millionar menneske og 80 % som lever under fattigdomsgrensa på 2 US\$ pr dag.

Midt i all elendigkeit, all informasjon og observasjon, fekk eg ei aha-oppleving som gjeld ordet «frelse». I desse dagar går diskusjonen høgt om dei to utgangane på livet. Teologane blir ikkje samde, - er det slik at alle menneske blir frelse til eit evig i liv i himmelen når vi dør, eller endar det därleg for dei som ikkje trur på Gud her i dette livet?

Det slo meg at frelse dreiar seg ikkje berre om det evige livet, - eller det som skal skje etter døden, frelse har i høg grad aktualitet her og no.

Fra eg var barn har eg hørt om fedreåndene som gassarane dyrkar som gudar. Fedreåndene treng omsorg og stell, og framfor alt må ein ikkje gjere noko annleis enn slik forfedrene har gjort det. Der finst ei lang rekke tabu, det vil seie lover og reglar som ein for all del ikkje må bryte, straffa vil kome over den skuldige, i form av sjukdom, ulykker og død. Gassarane er pressa fra to kantar, på den eine sida fra myndighetpersonar, som i fylge deira tru alltid har retten på si side, og på den andre

sida frå dei døde forfedrene som fylgjer med på alt som skjer.

Dette fattige folkeslaget lever i konstant redsel for at dei vonde åndene skal ta plass i dei, og gjere skade. Dei verner

er sterkare enn fedreåndene. Og her kjem den kristne misjonen inn. Misjonærane har presentert ein allmektig Gud som er sterkare enn alle vonde ånder. Kristendommen si lære om ein kjærleg og omsorgsfull Gud, som tar imot menneska med opne armar og tilgir synd, er sterk og frigjerande. Viss denne guden er med meg, då kan eg trygt dyrke jorda effektivt, då kan eg sleppe dei kostbare og utagerande likvendingsfestane, der beina til dei døde forfedrene får nytt klede og blir frakta rundt i byen. Då kan barnet mitt bli født på ei rein og trygg sjukestove. Fedreåndene har ikkje makt der den kristne Gud får råde.

Kva anna er dette enn «frelse»? Den kristne religionen set menneske fri. Eg har hørt denne setninga gong på gong i heile mitt liv, og no forstår eg det litt betre. Vi trur på ein Gud som ber oss leve til det beste for kvarandre, og som tar imot og tilgir når vi stig feil. Nåde er kanskje det viktigaste kristne kjerneordet. Det er ikkje frykt for straff som skal dominere i livet vårt. Det er vi frelse frå. Vi har full fridom til å bruke oss sjølv til å bygge gode fellesskap, vi har fridom til å kvile i Guds nåde, også her og no.

I fylgle vår guide på turen gjennom dei fattige landsbyane fanst det berre ein veg utanom dette uføret. Gassarane må få kjennskap og tiltru til ei makt som

## Tankar langs vegen ....

# Frelse



**Kristendommen si  
lære om ein kjærleg og  
omsorgsfull Gud, som tar  
imot menneska med opne  
armar og tilgir synd, er  
sterk og frigjerande.**

## Spar skatt og auk gåva til Kyrkjeklokka!

Ved å gje minst kr 500 i gåve, vil vi syte for at Hornindal sokneråd/Stryn kyrkjelege fellesråd registrerer gåva i lag med gåver til kyrkje-lydane.

Gjer vel å nytte vårt bankgiro nr.

3795 30 05108. Det lettar arbeidet med registrering.

Kvar enkelt kan gje inntil kr 25 000 for skatteåret 2016. Det gjev plass til Kyrkjeklokka og mange gode føremål for dei fleste.

## Preste- situasjonen i Hornindal

Stillinga som sokneprest i Hornindal er no lyst ut, med søknadsfrist 2. november, og det er håp om i alle fall ein søker. Stillinga er lyst ut som ein kombinasjon av sokneprest i Hornindal og prostiprest.

Olav Sigurd Gundersen vert fungerande sokneprest fram til det vert tilsett ny.

Oppmoding til sokneråda:

# Ta steget: La din kyrkjelyd bli ein GRØN KYRKJELYD!

Stadig fleire viser i dag i handling at dei vil verne om skaparverk og miljø. Kyrkja sitt øvste organ, Kyrkjemøtet, har sterkt oppmoda sokneråd, tilsette og frivillige til å arbeide for såkalla "Grøne kyrkjelydar". Bjørgvin Biskop og Bispedømeråd har følgt opp dette. Prosten har peika ut underteikna som "Grøne prostikontakter" i Nordfjord. Vår oppgåve er å inspirere sokneråd og tilsette til å arbeide mot dette målet. Ei informasjonsbrosyre er utarbeidd av Kyrkjedrådet der 43 ulike tiltak er lista opp som ein kan velje mellom. Lokalt vel soknerådet ut 25 slike som då utgjer ein handlingsplan. Tiltaka femner om ulike felt. Døme på slike: Gudstenesteliv, Diakoni, Trusopplæring, Innkjøp, Forbruk og Avfall, Energi, Transport og Reise.

Dei siste åra har vore prega av ei rekje endringar når det gjeld kyrkjeloge ordningar og tenester. Sokneråda har hatt eit hav av saker å drøfte og gjere

vedtak om. Vi forstår godt at å ta fatt på endå eit oppgåvefelt har blitt opplevd som meir enn ein kan makte. Men der som ein tek omsyn til at det ein faktisk gjer i dag og har eit realistisk syn på kva ein kan bidra med framover så er kanskje dei 25 punkta ikkje så uoverkomelege som ein trur.

**Kjølsdalen** er eit lite sokn der dei i utgangspunktet kjende på at dei ikkje hadde ressursar til å satse på å bli ein grøn kyrkjelyd. Men soknerådet valde å ta fatt på oppgåva. No viser dei veg med handlingsplanen dei har utarbeidd: "Vår grøne kyrkjelyd". Soknerådet har denne planen på saklista til kvart soknerådsmøte. Slik held dei saka levande og sikrar kontinuitet og oppfølging. Honnør til Kjølsdalen, dei viser veg for andre – både små og større sokneråd! Underteikna har sendt Kjølsdalen sin handlingsplan til alle sokneråd i Nordfjord som eit døme på korleis ein kan gå fram, steg for steg. Det som såg over-

veldande ut har blitt ein inspirasjon! Velkomne til å kontakte underteikna for å drøfte korleis ein best kan kome i gang. Lukke til!

*Ved å ta vare på skaparverket viser vi nestekjærleik til dei som blir ramma av klimaendringane og til komande generasjonar. Det å vere ein grøn kyrkjelyd er å ta på alvor Guds kall til ansvar for skaparverket og nesten, og å leve som ein Kristi etterfølgjar i praksis!*

På Bibelens første blad – skapingsforteljinga – står to grunnleggjande oppdrag som Gud gav menneska: Å **forvalte** Guds skaparverk (1. Mos 1,28), og å **verne** om det (1. Mos 2,15).

Eit nedbrote skaparverk er eit hån mot Gud og eit brotsverk mot våre etterkomrar!

Kristen Hundeide og Jon Ytrehorn

## "Kast ikkje brukbar mat!"

Redaksjonen kjenner til at våre to "Grøne prostikontakter" i Nordfjord, Jon Ytrehorn og Kristen Hundeide (kyrkjeleverje i Eid) har hatt møte med matkjedeleiarar, butikkpersonale, Mattilsynet og representantar for bondeorganisasjonar og bygdekvinnelag i Nordfjord.

Kva var formålet, og kva tok de opp på desse møta? Vi spør Jon Ytrehorn.

Bakgrunnen var fortvilninga mange av oss kjenner over all den brukbare maten som blir kasta i landet vårt. Undersøkingar

viser at årleg blir over 355.000 tonn med brukbar mat kasta. Det utgjer 68 kg pr innbyggjar. Av dette utgjer hushaldninga 61 % av matsvinnet, matindustrien 21 % og daglegvarehandelen 17 %. Målet var å få drøfte tiltak som butikkane kan gjere for å redusere mengda av mat som blir kasta: Brød, bakerverk, frukt, grønsaker, pålegg osv.

Kva kom fram under møta de hadde?

Både kjedeleiarar og butikkpersonale viste stor interesse for å finne ordningar som opna for å meir skjønn mtp å redusere

**KAST IKKJE  
BRUKBAR  
MAT !**



mengda av kolonialvarer som blir kasta pga av dato. Det var og interessant å høyre at Mattilsynet var opne for å vurdere visse sider ved dagens lovverk mtp liberalisering. Men kravet til helse og tryggleik på matvarer som blir selde står fast.

At bønder kan inngå avtale med sin lokale butikksjef om henting av matvarer som er i ferd med å gå ut på dato, til dyrefor, er elles eitt av tiltaka som partane arbeider med. Samtaleklimaet har vore positivt og engasjementet tydeleg. Det lover godt, seier Jon.

Ein haustdag i september møtte 11 spente og forventningsfulle barn opp i kyrkja i Hornindal. Dei skulle vere med på 1.klassesklubb! I skattekista fann vi ei skål med pengar og eit skjerf, skal tru kva dette kunne handle om? Så blei vi kjend med Bartimeus. Bartimeus var blind, men opplevde noko spennande då han møtte Jesus; han fekk sjå! Ungane fekk også oppleve korleis det er å ikkje kunne sjå med auga, vi leika blindebukk! Og vi var samde om at det er mykje enklare å utføre ei oppgåve når vi kan sjå!

Borna hadde med matpakke, så vi laga langbord i kyrkja, og åt lunsj i lag. Ei koseleg stund, der 1.klassingane hadde mykje å fortelje om den nye kvardagen som skuleborn. Med ny energi i kroppen, kjende vi at behovet for å røre på seg, byrja kome. Så vi gjekk ut og leika «Ein, to tre, raudt lys!» på graset. Godt å få springe litt!

Klare for eit nytt prosjekt, fekk 1.klassingane lage sjølvportrett med spreke fargar. På kvite tallerknar stod det «Eg er skapt av Gud og unik». På desse fekk borna teikne seg sjølve og fargeleggje med tusjar i mange flotte fargar. Borna



*Det er ikkje lett å vere blind!*

var djupt konsentrerte om oppgåva, og tallerkane blei superfine!! Borna fekk ta med tallerkane sine heim, og etter ei lita stund i steikeomnen, var dei klare til bruk!

På 1.klasses-klubb fekk borna også utdelt arbeidsheftet til 6-års boka, og ein blyant. Stas med oppgåver og eiga

arbeidsbok, det var heilt tydeleg at desse borna hadde byrja på skulen!

Tusen takk for ei veldig kjekk samling, og velkommen igjen til del 2 av Førsteklasses-klubb vinteren 2017!

*Tekst og foto: Ann Elin Aabrekk Lie.*

## Sjørøvarfest i kyrkja

Måndag i haustferien var det duka for to sjørøvarfestar for 4-åringar i Indre Nordfjord. På føremiddag var det fest i Utvik kyrkje, og på ettermiddag i Nedstryn kyrkje. Begge stader var stemninga god frå første stund, og det var mange forventningsfulle, spente og nyfikne andlet som dukka opp når festen skulle byrje. Store og små hadde kledd seg ut som sjørøvarar, og dei som ville, fekk måle andletet sitt. Det blei mange flotte bartar og tøffe skjegg etter kvart! Vi song sjørøvarsongar, og såg etter skattar med dei stilige kikertane våre. Hiv og hoi!

Vi fekk høre to historier frå Bibelen; om kvenna som mista ein av dei ti sølpengane sine, og om Jesus som stilte stormen. Borna fekk sitte i båten, og vi leika både store og små bølgjer! Ikkje rart at vennane til Jesus blei redde i stormen! Vi song «når det stormar», og lærte at Gud er sterkare enn alle stormar vi kan møte.

Vi fekk også bli kjent med ein ekte sjørøvar; Ein sjørøvar som ikkje fekk det heilt til. Han hadde nemleg aldri funne ein einaste skatt! Men med så mange flinke sjørøvarar samla på ein plass, kunne han jo få god hjelp til å finne ein skikkeleg skatt! Og ein skatt fann vi, etter

mykje leiting i kyrkja. Ulike skattekart leia oss til ulike stader i kyrkja, og til slutt fann vi skatten! Vi fann ein skatt i døypefonten; at vi alle er verdifulle og det finaste Gud har skapt! Og i ei vekkgøynd skattekiste fann vi ein annan skatt; sjokolade-gullpengar med påskrifta: «Eg er gull verdt». Borna viste stor innsats under skattejakta, og stas for sjørøvaren som fann sin første skatt!

Med gullmedaljongane rundt halsen, var det tid for pølser med brød. Små sjørøvarar brukar mykje energi når dei er på skattejakta, så det smakte godt med ein matbit. Etterpå var det innandørs fisking, og alle fekk ein godtepose på kroken. Takk til alle dei flotte sjørøvarane som møtte opp og laga fest ilag med oss!

*Tekst og foto: Ann Elin Aabrekk Lie.*



*Skattejakt.*

# Eit tilbake-blikk

*Hausten sitt vakre fargespel er på hell, og vinteren står for døra. Vi i Utvik Sokneråd ser tilbake på sommaren og hausten som har gått, med mange kjekke arrangement både i kyrkja og andre stadar.*

SØNDAG 31. JULI arrangerte Utvik Sokneråd konsern i kyrkja, i forbindelse med Sommardagane i Utvik. Sopranen Anne Berit Skrivervik Sultani, Askjell Molvær på trøorgel og Gunnhild Sindre på fele skapte god stemning i kyrkja, og framførte ilag ein flott konsert. Repertoaret femna både folkemusikk og klassiske tonar, med særleg vekt på norsk musikk frå 1800-talet. I tillegg til musikk frå kjende kunstnarar som Ibsen, Bjørnson, Bach og Grieg, framførte dei også ein flott bruramarsj av Bendik Brynestad. Det var godt oppmøte og trioen fekk som fortent ståande applaus frå publikum.

SØNDAG 7. AUGUST arrangerte Utvik Sokneråd gudsteneste på Fjellstova, Utvikfjellet. Ein koseleg dag, med godt oppmøte frå bygder både i Gloppen og Stryn kommune. Sokneprest Harald Runde heldt andakt, og Mette Carlsen underheldt med felespel etter gudstenesta. Det var også sal av kaker og kaffi.

## Med fjorden som altertavle

Kan det vel bli vakrare og mektigare enn når Skaparen sjølv får stå for utsmykkinga?

SØNDAG 28. AUGUST vart det ønskt


Gunnhild Sindre, Anne Berit Skrivervik Sultani og Askjell Molvær underheldt med flott song og musikk under sommar-konserten i Utvik kyrkje.



Med fjorden som altertavle.



Mette Carlsen og Galya Radeva Radkova underheldt med flott musikk på Fjellstova.



Spennande med sjørøverfest i kyrkja.

Velkommen til støylsmesse på Kårstadstøylen i Utvik. Grunneigarane på Bergestøylen og Kårstadstøylen sto som vertskap. Ei forsamlings på 20 personar, godt spreidd i alder, fekk vere med på ei enkel, men fin gudsteneste. Sokneprest Harald Runde talte over dagens tekst, frå Johannesevangeliet, om å vere i Gud sin kjærleik og å elske kvarandre.



Etter mykje ustabilt og trasig ver denne sommaren, blei vi velsigna med opphaldsver, god sikt og til og med ein del sol denne søndagen!

Etter gudstenesta var det tid for kyrkjekaffi med medbrakt niste, ekte støylskaffi og heimebaka kaker. Leidulv Kårstad fortalte litt om dei to støylane Berge og Kårstad, og den vesle forsamlinga såg ut til å kose seg der på "kyrkjebakken". Vi var einige om at vi gjerne skulle ha sett fleire andlet denne dagen, både sambygdingar og folk frå nabobygdene. Dette er ein trieveleg tradisjon som er vel verdt å ta vare på!

SØNDAG 2.OKTOBER var det hausstakkedugudsteneste i Utvik kyrkje. Mange hadde tatt turen til kyrkja denne dagen, og det vart ei flott gudsteneste med mykje program. Utvik barnekor deltok med flott song, det var barnedåp, presentasjon av konfirmantane 2017, utdeling av Bibel til 5.-klassingane og utdeling av 4 års bok.

I TILLEGG arrangerte kyrkjelydspedagog Ann-Elin Aabrek Lie og kateket Beate Ness sjørøverfest i Utvik kyrkje i samband med trusopplæringa, 10.oktober. 11 born hadde tatt turen til kyrkja denne dagen, og det vart ein kjekk dag med mellom anna drama, song, skattejakt, innandørs fisking og møte med ein sjørøvar.

Vi GLEDAR OSS til fleire arrangement i tida som kjem, og ynskjer alle ei fin adventstid!

Utvik sokneråd





Kateket Beate Nes les ei Bibelhistorie.

## Lys vaken – ei natt i kyrkja!

*Lys vaken, lys lys vaken, her er det liv,  
det er lys, det er song  
Og vi syng oss saman  
Lys vaken, lys lys vaken  
Her er det fest, vi blir med med ein gong  
Og vi syng oss saman*

Lys vaken med overnatting i kyrkja er etter kvart kjent for mange. Er du 10 år og har du lyst til å vere med på noko

spennande? Vil du vere med på Lys vaken?

Det er snart advent, og då feirar kyrkja nyttår. Dette feirar born i landet rundt med overnatting i kyrkja. I Indre Nordfjord er Lys vaken den 26./27. november i Nedstryn, Hornindal og Utvik.

Då skal vi leike, bli kjende med kvar andre, synge, lage gudsteneste, utforske kyrkja, ete god mat og sist, men ikkje



Mailene Rustoen Myklebust tenner det første lys.

minst, sove over i kyrkja. Hugs at du kan vere med sjølv om du ikkje vil overnatte i kyrkja.

På søndag et vi frukost saman, før vi førebur oss til gudstenesta. Når gudstenesta tek til, skal vi vere med og vise kva vi har øvd på. Foreldre og sysken er hjarteleg velkomne til å bli med.

### Bibel til alle!

Som ein del av trusopplæringa deler vi ut Bibel til alle som er 10 år. Denne vil bli delt ut på gudstenesta søndag 29.11. Om du ikkje kan vere med på Lys vaken, er du velkommen til å få Bibelen på gudstenesta likevel.

Janet Rudolph  
Kyrkjelydspedagog



Drama.

Oddny under open himmel

# Døra er opna

Som barn hugsar eg at dei vaksne ropte etter oss: "Lat att døra!" Var det vinter, kom det kald trekk inn når vi sprang ut og døra stod halvt open eller på gløtt etter oss,

Døra markerer ein overgang frå eit område til eit anna. Døra er også eit overgangssymbol. Hovuddøra, kalla utedøra eller inngangsdøra, er den viktigaste døra i huset, difor er ho solid og låsbar.

Det er godt å kome inn om døra. Der inne er heimen vår. Mange møter sine kjære der inne. Har du vore borte nokre dagar eller veker, er det ekstra godt å vere heime att.

Ein dag i haust stod eg ved ei gamal dør som eg skulle late opp. Eg vart ståande å sjå på ho. Ho hadde kraftige heimesmidde jarnhengsler. Døra var ikkje høg, men av kraftig materiale som har vart i 300 år. Ho var forsvarleg låst med hengelås. "Ei fin dør," sa eg til meg sjølv. Eg opna ho og gjekk inn i eit mørkt rom, men då første lyset vart tent, tenkte eg: Lyset skin i mørkret. Lyset er viktig.

Bibelen fortel mykje om dører og portar.

## I det stille rom.

I Matt.6.6 står det: "Men når du vil be, gå då inn i kammerset ditt og lat att døra, og bed til Far din som er i det dulde. Og Far din, som ser i det dulde, skal løna deg."

## Jesus er døra.

I Joh. 10.9 står det: "Eg er døra. Den som går inn gjennom meg, skal verta frelst. Eg er komen for at de skal ha liv og overflod.

## Ei opna dør.

I Joh.openb.3.8 les vi: "Sjå eg har sett framfor deg ei opna dør, som ingen kan stengja. For du har lita kraft, og likevel har du halde fast på mitt ord og ikkje fornekta mitt namn."

## Hjarte-døra. Døra inn til meg.

Joh. openb. 3.20" Sjå eg står for døra og bankar på. Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda måltid, eg med han og han med meg."

Tenk om vi kunne svara: "Mi Hjartedør eg opnar deg! Å Jesus stig du inn til meg. Og lat meg her den nåde få, at eg din milde hug kan sjå. "Norsk Salmebok nr. 5 v. 7.

## Den tronge døra.

Jesus om-talar vegen inn til frelsa med uttrykket: den tronge døra.



Luk. 13.24 "Strid alt de kan for å koma inn gjennom den tronge døra! Mange, seier eg dykk, skal freista å koma inn, men ikkje greia det."

Døra vert ein gong stengd.

Dette er det fortalt om i 13. kap. i Luk.evang. og 7. kap. i Matteusev. Les desse kapitla!

Lat oss halde fast på Ordet og ikkje fornekta Jesu namn, då er vi med i køen inn til himmeldøra. Johannes såg ei opna dør inn til himmelen Joh. openb.

Vi går på nytt inn i adventstida. Lat oss vera i venting.

"Ja, lyft dykk, de eldgamle dører, så kongen, den herlege, kan dra inn." Salme 24.7

God adventstid!

# Det er makt i de foldede hender...

Vi veit at det allereie er mange som ber for trusopplæringsarbeidet i Indre Nordfjord, det er godt å vite! Takk for det viktige arbeidet de gjer, vi håpar de vil halde fram med dette! Vi trur bønn utgjer ein skilnad, og er takksame for all den tid og omtanke som blir lagt ned i denne viktige tenesta. I denne spalten vil vi i kvart nummer dele nokre bønneemne med dykk. I dette nummeret vil vi særleg minne om desse punkta:

- Lys Vaken i Utvik, Nedstryn og Hornindal 26.–27. november
- Trusopplæringssamlingane utover vinteren: Julesamlingar, Førsteklasses-klubb, Søndagsskulens dag m.m.
- Årets konfirmantkull

Vi ønskjer framleis å knytte til oss nokre som kan tenke seg å gå inn i ei meir fast



bøneteneste for trusopplæringa. Vi vil med jamne mellomrom sende ut e-post med oppdateringar og meir konkrete bønneemne. Om du kan tenke deg å vere ein slik forbedar, er det fint om du tar kontakt på e-post: annelin.lie@stryn.kommune.no.

## Framhald fra side 12

snekre og mure. Dessutan må vi ikkje gløyme at fleire kvinner var også med og sparkla og mala. I skrivande stund er ikkje prosjektet heilt ferdig, men når desember nærmar seg skal ein kunne sjå dei flotte kvite panelveggane, det nye sanitæranlegget og dei nylagde flisane på golvet.

Kolbein Fridtun seier at det var ikkje heilt lett å få til korkje plater i taket eller fliser på golvet, for dei gamle rektangulære måla stemte därleg med kvadratmetrane.

Kort sagt: Det står respekt av dugnadsgjengen i Oppstryn.

**Tekst og foto:**  
Geir-Ståle Vatnmo.



Jakob Kvamme

## Min salme

Eg vart storleg forundra då eg i siste nummer av Kyrkjeklokka vart oppmoda om å foreslå ein salme eller song som eg hadde glede av. Det var uventa, men brått kom kveldsverset mitt: "Å var eg meir deg Jesus lik" i tankane. Det måtte det bli.

Far til ho som hadde "ordet" og som forslo meg, hadde oppdaga det store i det enkle. Eg kjende mannen. Han var pasient her på Aldersheimen, 87 år gammal, men utruleg åndsfrikk. Eg var innom rommet hans mest kvar einaste dag, og gjekk rik ut av rommet. No er også eg blitt det ein kan kalle ein gammal mann. Det dei gamle kalla mangel på hukommelse har gjort sitt

inntog også her. Eg er no avhengig av pleiarar her på Heimen som må hjelpe meg morgen og kveld. Men mest treng eg hjelp av Gud. Han har teke bort verken hjå meg. Merker at når eg gløymer han, kjem verken igjen.

Vi er så heldige her på Heimen at presten kjem og held andakt ein gong kvar veke. Då vert vi synt vegn fram mot målet. Eg er så heldig at eg greier å lese i Bibelen og i andaktsbøker utan briller. Det er eg glad for.

Vi er heldige som har flinke pleiarar. Ei av dei er Kari Runde. Henne går vi til

## Å, var eg meir deg, Jesus, lik

*Å, var eg meir deg, Jesus, lik, så hjartevarm og god,  
Med same kjærleik utan svik som du i striden stod!  
Å, var eg meir med liv og tru i alle ting som du, som du,  
Min Gud, kor sæl eg var!*

*Kven kan få sagt kor stort det var at du kom til oss her,  
Og himlen ned på jordi bar med song av englehær?  
Å, var mitt liv ei himmelbru, i alle ting som du, som du,  
Min Gud, kor sæl eg var!*

*Så sjå meg i mitt hjarta inn, min Frelsar kjær, og seg  
Om du der inne noko finn som ikkje er av deg.  
Du tankar, ord og liv må snu mot deg, så eg vert meir som du.  
Min Gud, kor sæl eg er!*

*Ja, bøy meg, bøy meg ned for deg, og set meg ved din fot!  
Alt stort og stolt du finn i meg, du rive opp med rot!  
På denne staden vil eg bu, så vert eg meir som du, som du.  
Min Gud, kor sæl eg er!*

*Din strid, min Frelsar, var så stor at sveitten rann som blod.  
Å, send meg krafta av ditt ord og gjev meg same mod!  
Den fadersmil som tek all gru, den får eg òg, for den fekk du.  
Min Gud, kor sæl eg er!*

*Eg ein gong vert deg, Jesus, lik, i brudesalen din.  
Og brud og brudgom like rik med krunka glad kjem inn.  
Eg slepp å strida, slepp å tru. I alt eg då er heilt som du.  
Min Gud, kor sæl eg er!*

når vi har problem eller gleder å dele, og vert alltid godt mottekne. Ho har eg tenkt å

foreslå til å dele ein salme i neste nummeret av Kyrkjeklokka. *Jakob Kvamme*

## Kjempedugnad i Oppstryn

### Resultat: Heilt nytt handicaptoalett, dusj og reiskapsrom

*Når sant skal seiast, så var det naudsynt med nytttoalett i Oppstryn kyrkje! Det er vi alle einige om. Men det er ingen sjølv sagt sak at slike arbeid blir gjort på dugnad.*

Men etter god og grundig planlegging, har ein driftig dugnadsgjeng klart det ingen skulle tru kunne gjerast på dugnad. Reint fagleg måtte det sjølv sagt leigast inn både rørleggjar og elektrikar, Men alt det tunge forarbeidet er det ikkje alle som har sett.

Etter at dei gamle og nedslitte skiljeveggane vart tatt ned, gjekk dei laus på sanitæranlegget. Alt måtte ut..., og midt oppi det heile måtte dei meisle hol i golvet og murveggen for å få laga nyt avløp ut til septiktanken. Ein fullasta traktorhengar med kjempestor rullestein og gammal mur kunne i sum fortelje om alt slit som ligg bak.

Då er det godt å ha med seg folk som kan både

*Framhald side 11*



*Kolbein Fridtun og Jonny Greidung i gang med å legge fliser.*

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjenom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å temne eit lys før du startar å lese historia.

### **Profeten Jesaja, og den aller fyrste julekvelden**

Jesaja var ein mann som levde ca. 700 år før Jesus vart fødd. Han var ein profet. Ein profet er ein person eller bodbringar som kjem med ein bodskap frå Gud. Då Jesaja vart kalla til profet hadde han eit syn. Slik fortel han om det:

Eg såg Herren sitja på ei høg og opphøgd trone, og kanten på kappa hans dekte tempelet. Serafar - som er namnet på nokre himmelske skapningar som tener Gud stod framfor han. Kvar av dei hadde seks venger. Med to gøynde dei andletet, med to gøynde dei føttene, og med to flaug dei.

Dei ropa til kvarandre: «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. Heile jorda er full av hans herlegdom.» Då vart huset fullt av røyk, og eg sa: «Ve meg! Det er ute med meg. For eg er ein mann med ureine lepper, og eg bur i eit folk med ureine lepper, og auga mine har sett kongen, Herren over hærskarane.» Då høyrde eg Herrens røyst: «Kven skal eg senda?»

Då sa eg: «Eg! Send meg!» Og han sa: «Gå og sei til dette folket: De skal høyra og høyra, men ikkje forstå, sjå



## **VI LES BIBEL SAMAN!**

og sjå, men ikkje skjøna!

Jesaja fekk ofte i oppdrag å refse folket, men han fekk også formidle håp, om ein redningsmann som skulle kome. Alt 700 år før Jesu fødsel fortalte Jesaja om ein son som skal vere frelsar og fredsfyrste, og om ørkenen som skal bløme. Aller sterkest er profetien om den unge kvinnen som skal bli gravid og føde ein son.

“Difor skal Herren sjølv gje dykk eit teikn: Sjå, den unge jenta skal bli med barn og føda ein son, og ho skal gje han namnet Immanuel..” Jes 7,14

Korleis kunne Jesaja vite kva som skulle skje, så mange år seinare?

*For fyrste gong var det heilt stilt i stallen. Kanskje ville det vere siste rolege stund på lenge. Maria visste at dei kanskje måtte flykte. Ho hadde hørt at folket snakka om at Herodes var sint, og ville drepe alle guteborn.*

*Maria såg på den vesle guten, og tenkte på alt som var skjedd dei siste dagane. For ikkje å snakke om alt som var skjedd det siste året... Maria, som berre var ei ung vanlig jente frå Nasaret, hadde hatt englebesøk, og fått beskjed om at ho skulle bli mor til Gud sjølv!*

*Heldigvis hadde Josef trudd på ho, og no sat dei her i ein stall i Betlehem, med den vesle guten sin. Han låg der så rolig i krybba.*

*Men korleis kunne han vere Gud?*

*Maria kunne fortsatt ikketru det. Men dei siste dagane hadde det skjedd så mykje som stadfesta det engelen hadde sagt.*

*Maria tenkte på gjeterane som kom springande inn i stallen, og som nesten ikkje klarte stoppe å prate om englane, og det dei hadde fortalt. Og ho tenkte på dei tre vise menn, som hadde reist så langt, og som kom med gaver meir verdifulle enn ho nokon gong hadde sett. Gull til kongenes konge, røykelse til prestane sin prest, og myrra for hans offer hadde dei sagt...*

*Medan Maria sat der og klappa Jesus på hovudet kom ho til å tenke på dei gamle orda frå Jesaja, orda som dei alle hadde lært og som ho kunne så godt:*

*«For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste.» Jes 9,6*

### **Familieoppgåve:**

Ikkje alle gler seg like mykje til jul? Veit de som nokon som kunne trenge ei lita overrasking no før jul? Kanskje kan de bake julekaker - og gje ein boks til nokon, sende eit kort til nokon som treng å bli minna om at nokon bryr seg om dei, eller kanskje kan du samle pengar som du gjev til ein organisasjon som hjelper nokon som treng litt lys no. Lykke til!

Tekst: Beate Nes



## Slekt skal følgje slekters gang



### OPPSTRYN

#### Døpte:

28/8 Isak Nesdal Lundevall.  
For. Linda Nesse Nesdal og  
Hans Kristian Rakneberg  
Lundevall

28/8 Jakob Flo Skatvedt.  
For. Kristine Flo og Bjørnar  
Skatvedt

#### Vigde:

20/8 Benedicte Jarnes Sungot  
og John-Eirik Greidung

#### Døde:

25/9 Per Gørar Henrik Wemby f. 1973  
9/10 Asbjørg Johanna Mork f. 1933

### NEDSTRYN

#### Døpte:

18/9 Helena Amelie Kalenik Bjerkan.  
For. Małgorzata Kalenik  
og Bjørn-Terje Bjerkan

2/10 Alida Seljeset Svarstad.  
For. Samuline Beate Seljeset  
og Sjur Ole Svarstad

2/10 Martine Løken Høgalmen.  
For. Reidun Løken og Kjell-Erik  
Høgalmen

2/10 Ingrid Sandbakk.  
For. Silje Kristin Guddal  
og Malvin Ivar Sandbakk

#### Vigde:

27/8 Sigrid Elise Ervik Løvold  
og Arild Rune Nedreberg

#### Døde:

30/8 Rune Nesdal f. 1954

### LOEN

#### Døpte:

9/10 Even Mathias Myren.  
For. Bård Olav Myren  
og Stine Larsen

9/10 Oskar Sæten Eide.  
For. Anette Sæten  
og Thor Morten Eide

9/10 Jakob og William Molvær  
Jørgensen.  
For. Cecilie Molvær Jørgensen

### Døde:

18/9 Astrid Muri f. 1942

### UTVIK

#### Døpte:

2/10 Andrea Tisthamar Haveland.  
For.: Marius Haveland  
og Kari-Anne Tisthamar.

#### Døde:

15/7 Johanna Paulen, f. 1932.

### INNVIK

#### Døpte:

9/10 Tuva Aurora Fivelstad Olsen.  
For.: Bjørn Olsen og Maria  
Heggdal Fivelstad.

#### Døde:

7/10 Magnhild Reme, f. 1911.

### OLDEN

#### Døde:

19/9 Jan Erik Skarstein, f. 1949.  
27/9 Oddvin Sunde, f. 1932.

### HORNINDAL

#### Døpte:

4/9 Synnøve Sollid Tomasdard.  
For. Pernille Sollid  
og Einar Helge Tomasdard

16/10 Magnus Kristensen Knoph.  
For. Ivrine Marie Kristensen  
og Håkon Knoph

#### Døde:

9/9 Kåre Visnes f. 1946

### NORDSIDA

#### Døpte:

25/9 Tiril Veka Brath.  
For. Berit Veka  
og Einar Dons Brath

25/9 Heine Bergset Mandal.  
For. Ane og Thomas Bergset  
Mandal

#### Vigde:

30/9 Anita Karin Myklebust  
og Garcia Jorge Hidalgo

### Døde:

1/10 Borghild Moen f. 1924

4/10 Ingrid Jorun Johansen f. 1923

### RANDABYGD

#### Døpte:

18/9 Noah og Theo Lykkebø.  
For. Katrine Tvinnereim  
og Tommy Lykkebø

18/9 Anna-Désirée Rand-  
Oskarsson.  
For. Sissel-Anita Rand  
og Patric Conny Oskarsson

## Kyrkjedag for Nordfjord

Om lag 50 var frammøtte på Kyrkjedag for Nordfjord på Eid siste laurdagen i oktober. I år feirar Bibelskapet 200 års-jubileum, og difor var Bibelen hovudtema på kyrkjedagen. Dag Kjær Smemo, tidlegare bibelmisjonsleiar i Bibelskapet var hovudføredragshaldar.

Overskrifta for kyrkjedagen var: «Er Bibelen framleis aktuell?» Smemo snakka om Bibelen sin aktualitet i kvar dag og daglegtale, og kom med mange eksempel på korleis folk flest, i daglegtale brukar ord og uttrykk som kjem fra Bibelen, utan at dei sjølve veit at det er derfrå uttrykka er henta. Han tok oss også med ut i verda til møtet med menneske i Kina, Russland og andre land, der menneske har fortalt om kva Bibelen har betydd for deira liv og tru.

Anders Rinde, kantor i Gloppen, hadde fått ansvaret for å leie forsamlingsrom i temaet «Bibelske salmar i salmeboka». Saman med ei forsongargruppe, som hadde øvd ei lita stund i pausen, leia han oss i ein del slike salmar, godt hjelpt av kantor på Eid, Ralph Cupper.

Det hadde vore god plass til fleire deltakrar, og dei som ikkje var der, gjekk glipp av interessante foredrag og fellesskap med andre frå kyrkjelydane. Men det kjem ein ny sjanse siste laurdagen i oktober neste år, då det er 500 år sidan reformasjonen.

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo



# Søndag er kyrkjedag

## Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksame på at det kan verte endringar, nattverd og offer  
er ikkje med, so følg med i avisene.

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

### 26. november; laurdag

- Nordsida 13:00 Kyrkjelydsbasar

### 27. november; 1. s i adventstida –

#### Matt 21, 1-11

- Nedstry 11:00 Gudsteneste. LysVaken.  
Ved Henny Koppen  
- Utvik 11:00 Gudsteneste. LysVaken.  
Ved Harald Runde. Kyrkjekaffi  
- Hornindal 11:00 Gudsteneste. LysVaken.  
Ved kateket Beate Nes

### 4. desember; 2. s i adventstida –

#### Joh 14, 1-4

- Loen 11:00 Gudsteneste.  
Ved Henny Koppen  
- Olden 11:00 Gudsteneste.  
Ved Harald Runde  
- Grendahuset, Randabygd 12:00 Guds-  
teneste. Ved Olaf Sigurd Gundersen.  
Kyrkjelydsbasar etter gudstenesta

### 11. desember; 3. s i adventstida –

#### Matt 11, 2-11

- Nedstry 11:00 Gudsteneste. Ved Henny  
Koppen  
- Nordsida 11:00 Adventsgudsteneste.  
Ved Olaf Sigurd Gundersen  
- Utvik 16:00 Julekonsert. Takkoffer til  
Skulemusikken, Blandakoret og Fele-  
jentene  
- Innvik 18:00 Julekonsert

### 18. desember; 4. s i adventstida –

#### Luk 1, 46-55

- Oppstry 11:00 Gudsteneste.  
Ved Henny Koppen  
- Ljosheim, Oldedalen 11:00 Gusteneste.  
Ved Harald Runde  
- Olden 14:00 Julekonsert  
- Nordsida 15:00 Julekonsert  
- Nedstry 20:00 Julekonsert  
- Hornindal ? Julekonsert

### 20. desember; tysdag

- Oppstry 20:00 Julekonsert

### 24. desember; Julaftan – Luk 2, 1-20

- Randabygd 13:00 Julegudsteneste.  
Ved Olaf Sigurd Gundersen  
- Olden 14:00 Julegudsteneste.  
Ved Harald Runde

- Loen 14:30 Julegudsteneste.

Ved Henny Koppen

- Nordsida 15:00 Julegudsteneste.

Ved Olaf Sigurd Gundersen

- Innvik 16:00 Julegudsteneste.

Ved lek gudstenesteleiar

- Utvik 16:00. Julegudsteneste.

Ved Harald Runde

- Nedstry 16:15 Julegudsteneste.

Ved Henny Koppen

### 25. desember; 1. juledag – Joh 1, 1-14

- Olden 12:00 Høgtidsgudsteneste

Ved Harald Runde

- Hornindal 12:00 Høgtidsgudsteneste.

Ved Olaf Sigurd Gundersen

- Oppstry 13:00 Høgtidsgudsteneste.

Ved Henny Koppen

### 26. desember; 2. juledag/ Stefanusda- gen – Matt 2, 16-23

- Nedstry 11:00 Gudsteneste.

Ved Henny Koppen

- Misjonsheimen, Innvik 11:00 Guds-  
teneste. Ved Harald Runde

- Nordsida 11:00 Gudsteneste.

Ved Olaf Sigurd Gundersen

### 31. desember; Nyårsafta – Luk 13, 6-9

- Hornindal 15:00 Gudsteneste.

Ved Olaf Sigurd Gundersen

## 2017

### Det kan verte endringar for 2017

### 1. januar; nyårsdag Jesu namnedag –

#### Luk 2, 21

- Nedstry 12:00 Gudsteneste

- Utvik 12:00 Gudsteneste

### 8. januar; Kristi åpenbarringsdag –

#### Matt 2, 1-12

- Oppstry 11:00 Gudsteneste

- Innvik 11:00 Gudsteneste

### 15. januar; 2. s i åpenberringstida –

#### Matt 3, 13-17

- Nedstry 11:00 Gudsteneste

- Olden 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00 Gudsteneste

### 22. januar; 3. s i åpenberringstida –

#### Joh 2, 1-11

- Nordsida 11:00 Gudsteneste

- Utvik 16:00 Gudsteneste

### 29. januar; 4. s i åpenberringstida –

#### Luk 18, 35-43

- Nedstry 11:00 Gudsteneste. Kyrkjhelg  
for funksjonshemma

- Innvik 11:00 Gudsteneste

- Loen 15:00: Gudsteneste og kyrkjelyds-  
fest på Bygdatunet

### 5. februar; 5. s i åpenberringstida –

#### Mark 2, 1-12

- Oppstry 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00 Gudsteneste

- Olden 16:00 Gudsteneste

### 12. februar; Såmannssøndag –

#### Luk 8, 4-15

- Nedstry 11:00 Gudsteneste

- Utvik 11:00 Gudsteneste

- Nordsida 11:00 Gudsteneste

### 19. februar; Kristi forklaringsdag –

#### Matt 17, 1-9

- Loen 11:00 Gudsteneste

- Innvik 11:00 Gudsteneste

- Ålandsleite, Randabygd 13:00 Frilufts-  
gudsteneste

### 26. februar; Fastelavnssøndag –

#### Joh 17, 20-26

- Olden 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00 Gudsteneste

- Nedstry 19:00 Salmekveld, tema: Afrika

### 5. mars; 1. s i fastetida – Matt 4, 1-11

- Oppstry 11:00 Gudsteneste

- Utvik 11:00 Gudsteneste

- Nordsida 11:00 Karnevalsgudsteneste

### 12. mars; 2. s i fastetida – Matt 15, 21-28

- Nedstry 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00 Gudsteneste

- Olden 16:00 Gudsteneste

### 19. mars; 3. s i fastetida – Luk 11, 14-28

- Loen 11:00 Gudsteneste

- Utvik 11:00 Gudsteneste

- Randabygd 11:00 Gudsteneste

### 26. mars; Maria bodskapsdag –

#### Luk 1, 26-38

- Nedstry 11:00 Gudsteneste

- Innvik 11:00 Gudsteneste



B

Fulldistribusjon

## Festhelg for trusopplæringa med besøk av Team Sulebakk

10.-11. september var det tid for festhelg for trusopplæringa. Samlinga var lagt til Olden, og vi hadde invitert Team Sulebakk til å vere saman med oss.

Team Sulebakk er ein familie frå Frekhaug, utanfor Bergen. Familien består av Sebastian (20), Bertine (18), Serlina (17) og Bendik (9) i tillegg til mamma Barbro og pappa Øystein. Familien har sidan 2006 reist rundt i landet med musikken sin.

Vi er så glade for at Barbro, Sebastian og Bertine Sulebakk hadde tid til å bruke helga i Olden saman med oss! Laurdag var vi saman på korseminar og konsert. Barna og ungdommene våre fekk vere med å synge, spele drama og danse. Vi er så imponert over alt dei fekk til på nokre timer!



Seminarkoret i aksjon.

Søndag var det festgudsteneste med tema "Elsket". Der deltok seminarkoret, team Sulebakk og Olden Soul Children. Etterpå var det fest med gode kaker og loddosal. Det er så kjekt å sjå at vi kan samle barn og unge frå nesten alle bygdene våre. Dette vil vi gjere meir av!

Tekst og foto: Beate Nes.

## KAFFEKROKEN



© Hans Johan Sagrusten

Nr 1 – 2017 kjem i posten rundt 10. mars. Redaktør er Knut Sigurd Gald. Stoff kan sendast på e-post til [post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no) innan 13. februar.